

**Fra:** Jordal Harald (Harald.Jordal@odda.kommune.no)  
**Sendt:** 22.04.2015 10:22:03  
**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak  
**Kopi:** Ordfører; Rådmannen; Eitrheim Jostein; Sekreteriat

**Emne:** Aust - vest sambandet : Uttale frå Odda kommune til Statens vegvesen si utgreiing  
**Vedlegg:**

**Aust - vest sambandet : Uttale frå Odda kommune til Statens vegvesen si utgreiing**

***Eg ber på vegne av ordførar John Opdal om at denne mailen vert lagt fram for fylkesutvalet i denne saka i møte i morgon 23. april***

Odda kommunestyre vedtok samrøystes slik uttale 15. april 2015 i eiga sak:

Følgjande tekst er Odda kommune sin høyringsuttale til Aust-Vest -utgreiinga :

«Odda kommune støttar konklusjonar og tilrådingar som kjem fram i rapporten «**Utredning om forbindelser mellom Østlandet og Vestlandet**». Særskilt vil vi understreka tala for netto samfunnsnytte som syner svært positive verdiar for E134. For denne traseen viser rapporten at ei utbygging som skissert vil gje ein netto samfunnsnytte på 12 milliardar. Med utbygging av arm til Bergen ( Hordalandsdiagonalen) vil netto samfunnsnytte auka med 14 milliardar til 26 milliardar. Dette er tal som skil E134 frå alle dei øvrige traseane og bør aleine vera grunnlag for å prioritera E134 som den føretrekte trase for hovudveg mellom Austlandet og Vestlandet.

Ei prioritering og utbygging av E134 vil gje grunnlag for stor verdiskapning som følgje av reduserte transportkostnader og større arbeids- og serviceregionar.

Odda kommune vil tilrå at det vert gjennomført KVVU for Hordalandsdiagonalen Jøsendal – Odda – Bergen. Denne framtidige arm av E134 bør verta statleg veg på heile strekninga. Det vil sei også for dei deler av traseen som i dag har fylkesvegstatus.

Den politiske handsaming av rapporten med prioriteringar bør skje snarast mogeleg og uavhengig av neste NTP-handsaming.

Odda kommune håpar at utbygging av valde trasear vert mest mogeleg samanhengande og heilskapleg. Det må vektleggjast at utbyggingane vert framtidsretta og miljøvenlege samt at kravet om vintersikker veg over høgjellet vert ivaretatt i dei valde løysingane»

Mvh

Harald Jordal  
kommunesekretær  
9755 8402